

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2018 for fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2017 til 2018. Som frie inntekter reknar ein inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap for 2017. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren frå 2017 til 2018 er anslått til 2,6 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til når ein bereknar veksten i frie inntekter. Samla inntektsskatt for fylkeskommunane i 2017 og 2018 blir anslått av Finansdepartementet i statsbudsjettet for 2018. For å anslå skatteinntektene for kvar fylkeskommune tek ein utgangspunkt i skatt per innbyggjar i fylkeskommunen i 2016 og skriv fram talet med innbyggjartalet i 2017. Ut ifrå skatt i 2016 framskriven med innbyggjartal for 2017, blir det rekna ut kva del som kvar fylkeskommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag mellom fylkeskommunane både for 2017 og 2018. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert.

I berekninga av veksten i frie inntekter blir naturressursskatten halden på same nivå i 2017 og 2018. Det blir nytta tal frå inntektsåret 2015.

Rammetilskot 2017 er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2017. Rammetilskotet for 2018 er vist i tabell 1-fk.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2017 korrigererte for oppgaveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2018. I 2018 er summen av desse endringane -350,6 mill. kroner. Korreksjonar i 2018 er viste i innleiinga til Grønt hefte. Dei fleste oppgavekorrigeringane er gjort på fylkeskommunenivå.

Veksten i frie inntekter frå 2017 til 2018 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2017 i Prop. 1 S for 2018. Skatteinntektene for fylkeskommunane i 2018 er anslått til 33,2 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2017 til 2018, ut frå anslag på rekneskap, er nominelt 1,9 pst. Anslaget omfattar ei oppjustering av skatteanslaget for 2017 med 635 mill. kroner samanlikna med anslaget i Revidert nasjonalbudsjett 2017.

Skjønstilskot som blir fordelt i løpet av året i 2017 og 2018 er ikkje inkluderte i vekstberekninga for kvar fylkeskommune. Ufordelt skjøn består i 2017 av 100 mill. kroner som er sett av til uventa hendingar (reservepott) og 50 mill. kroner til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman (infrastrukturpott). I 2018 utgjer reservepotten 38,9 mill. kroner. I tillegg er 14 mill. kroner ufordelte, og skal gå til kompensasjon for oppheving av fritak for CO₂-avgift. Dette er ein kompensasjon som vil bli gjeve med ei særskild fordeling på eit seinare tidspunkt.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2017

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2017. Skatteinntektene til fylkeskommunane er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2017 i Prop. 1 S (2017–2018), med ein lik vekst for alle fylkeskommunane.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2017

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane er omtalte nærare i innleiingsteksten til Grønt hefte og Prop. 1 S (2017–2018) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2018

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2018. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til fylkeskommunane har departementet teke utgangspunkt i fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2016. Desse er framskrivne i samsvar med innbyggjartal per 1.1.2017 og skatteanslaget for 2017 og 2018 i nasjonalbudsjettet for 2018. Skatteanslaget for den einskilde fylkeskommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

Kolonne 4 – Anslag på korrigert vekst frå 2017 til 2018

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2017 til 2018 for den einskilde fylkeskommune (kolonne 3 – kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigert vekst i pst. frå 2017 til 2018

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigert vekst frå anslag rekneskap 2017 til 2018.